



Førde kommune



Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027

Parkering

Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum

7.5.15

www.forde.kommune.no



FORORD

Innhold

FORORD.....	2
1 FORMÅL OG GEOGRAFISKE AVGRENSINGAR.....	3
1.1 Formål med norma	3
1.2 Geografiske avgrensingar – inndeling i soner	4
1.3 Når skal norma nyttast ?	5
2 PARKERINGSNORM FOR BUSTADFORMÅL.....	6
2.1 Måleeinjing for fastsetting av parkeringsplasser	6
2.2 Bustadtypar	6
2.3 Parkeringsnorm for bustader fordelt på ulike bustadtypar	7
2.4 Utfyllande retningsliner.....	8
3 PARKERINGSNORM FOR NÆRING OG OFFENTLEG VERKSEMD	9
3.1 Måleeinjing for fastsetting av parkeringsplasser	9
3.2 Parkeringsnorm for næring og offentleg verksemd fordelt på ulike verksemdtypar 10	
3.3 Forklaringar knytt til formåla i tabellen.....	11
3.4 Sambruk.....	12
4 GENERELLE RETNINGSLINER.....	13
4.1 Utrekning av parkeringsplassar	13
4.2 Krav til parkering i bygg	13
4.3 Parkering for forflytningshemma	13
4.4 Avtale om bruksrett til plassar på annan eigedom som erstatning for parkeringsplassar på eigen grunn	13
4.5 Utforming av parkeringsplassar.....	14
5 UNNTAK FRÅ PARKERINGSNORMA	14
5.1 Generelle/ overordna unntak	14
5.2 Unntak i byggesaker	14
5.3 Overgangsføresegner	15

INNLEIING

Denne rettleiaren er laga med vekt på at norma skal vere lett å forstå og bruke for utbyggarar og sakshandsamarar. Rettleiaren skildrar norma sin geografiske omfang, måleining og inndeling av ulike kategoriar for bustad, næring og offentlege bygg. Norma tek føre seg parkering i samband med bustader, næring og offentlege formål.

1 FORMÅL OG GEOGRAFISKE AVGRENSINGAR

1.1 Formål med norma

Parkeringsnorma blir nytta i byggesaker og reguleringssaker for å avklare tal parkeringsplassar som skal etablerast ved nybygg, ombygging og bruksendring. Tal parkeringsplassar som skal etablerast må anten vere på eiga eigedom eller på anna eigna stad utanfor offentleg veg. Det kan søkjast om frikjøp av parkeringsplassar etter eigne reglar. Formålet med parkeringsnorma er at behovet for parkering skal dekkast. Dette betyr i praksis bebuarane/ arbeidstakarane og besøkande sitt behov for parkering. Kva køyretøytypar som faktisk nyttar parkeringsplassane, vert ikkje regulert gjennom parkeringsnorma. Norma dekker parkering av bilar som er disponert av den busette/ verksemda, også når bilen ikkje er registrert i vedkommande sitt namn, slik som firmabilar, varebilar, leasing- og leigebilar.

Nytt for norma er innføring av maksimumsnorm i tillegg til minimumsnorm for næring og offentleg verksemd i sentrum av Førde. Det er også nytt at Førde blir delt inn i soner med ulike krav til parkeringsdekning. Tidlegare norm var berre ei minimumsnorm som ikkje sette noko øvre grense for tal parkeringsplassar.

Parkeringsnorma for bustader er utarbeidd som minimumsnorm. Minimumsnorm set ei nedre grense for kor mange parkeringsplasser som må etablerast ved ei utbygging. Utbyggar må etablere minst det tal parkeringsplasser som er gitt i norma.

Bustadnorma gir ingen generell øvre grense for tal parkeringsplassar som kan byggast. I prosjekt der det kan forventast bebuarar med bilhald langt over gjennomsnittet, kan det vere aktuelt å bygge fleire plassar enn norma.

Parkeringsnorma for næringsbygg skal ta i vare to til dels motstridande omsyn:

1. Sikre tilstrekkeleg korttidsparkering for kundar til privat og offentleg verksemd i den eksisterande sentrumsstrukturen, sikre god vare- og serviceleveranse, samt unngå urimeleg belastning på nærliggande gater og nærmiljø.
2. Bidra til at færre vel bil til arbeidsplassen, særskilt til sentrale områder.

Bak retningslinene i denne rettleiinga ligg det ei avveging mellom desse omsyn.

1.2 Geografiske avgrensingar – inndeling i soner

Prinsipp for inndeling

Parkeringsnorma set ulike krav til tal parkeringsplassar ut frå geografisk inndeling fordelt på dei tre ulike sonene; sone 1, sone 2, og omland.

Grunnlaget for denne inndelinga er at ulike områder har ulik dekning av kollektivtransport, avstand til sentrumsfunksjonar og høgdeskilnad.

Kriteria lagt til grunn for inndeling av dei ulike sonene:

Sone 1:

- Kort avstand til sentrumsfunksjonar
- Ynskje om fortetting i sentrum
- Fremje kollektivtrafikk
- Godt vegsystem for gåande og syklande
- Ønskje om eit meir urbant sentrum med fleire møteplassar og mindre bilar
- Stimulere til betre tilhøve for gåande og syklande
- Legge til rette for godt bymiljø og betre luftkvalitet i sentrum

Sone 2:

- Relativ kort avstand i høve sentrumsfunksjonar
- Ønskje om fortetting i sentrumsnære bustad- og næringsområder
- Ligg innafor bybuss-området
- Relativt gode tilhøve for gåande og syklande

Omland:

- Større avstandar i høve sentrumsfunksjonar
- Avgrensa kommunikasjon med kollektivtransport
- Stor grad avhengig av bil

Ei oversikt over den geografiske avgrensinga er gitt i figur 1, Den geografiske avgrensinga for sone 1 følgjer grensa som i kommuneplanen er definert som Førde sentrum, og Sone 2 følgjer grensa definert som Førde tettstad. Omland omfattar byggesone ut om Sone 1 og Sone 2.



Figur 1 Detaljkart som syner avgrensing av områder for parkeringssoner.

Norma for Sone 1 gjeld innafor streken med blå farge, og for Sone 2 innafor streken med grøn farge. Områdeavgrensinga kan reviderast kvart fjerde år i samband med revisjon av kommuneplanen. Dette vert styrt gjennom vedtak av Planstrategien.

1.3 Når skal norma nyttast ?

I kva tilfelle norma skal gjelde:

Parkeringsnorma skal nyttast i byggesaker og reguleringsaker for å avklare tal parkeringsplassar som skal etablerast ved nybygging, ombygging, bruksendring og på-/tilbygg.

Med ombygging og på-/tilbygg vert det her meint endringar som gir fleire sjølvstendige bueiningar eller fleire opphaldsrom. Med bruksendring meinast endring frå eit formål til eit anna formål, eller dispensasjon frå eit reguleringsformål.

Forholdet til reguleringsplan

Norma skal vere rettleiande for fastsetting av parkeringsdelen i nye reguleringsplaner og utbyggingsplaner. Når særskilte vurderingar tilseier det, kan ein i reguleringsplan sette andre krav til parkering.

Gyldigheit

Norma vil få verknad for nye byggesaker innanfor alle tidlegare vedtekne reguleringsplaner. I spesielle høve kan det krevjast at utbyggar gjer ytterligere utgreiing sjølv om det ligg føre normverdiar.

Krav til ferdigattest

Ferdigattest/bruksløyve vert ikkje gjeve før parkeringskravet er stetta og bil- og sykkelparkeringsplassar er ferdig opparbeidd.

2 PARKERINGSNORM FOR BUSTADFORMÅL

2.1 Måleining for fastsetting av parkeringsplasser

Parkeringsnorma stiller krav til tal biloppstillingsplasser og sykkelplasser per bueining fordelt på ulike bustadtypar og storleik gitt i tal rom. Med «rom» meinast her rom som tilfredstillar plan- og bygningslova sine krav til rom for varig opphald. Kjøkken, bad, boder, vindfang, gang, hall og liknande vert ikkje rekna med i tal rom.

Dersom utrekning av parkeringskrav i samsvar med norm gir eit desimaltal, skal kravet rundast av opp/ned til næraste heile tal parkeringsplasser.

2.2 Bustadtypar

Parkeringsnorm for bustad omfattar følgjande bustadtypar:

- Frittliggande småhusbusetnad
- Konsentrert småhusbusetnad og blokkbusetnad
- Sekundærleilegheit
- Studentbustader
- Omsorgsbustader

For kvar av desse bustadtypane er det gitt ein norm for både bil og sykkel som begge er omtala nærare i norma.

Definisjonar av bustadtypar og rom

Frittliggande småhusbusetnad er definert som 1- eller 2-mannsbustader. Bustadane kan i tillegg ha sekundærleilegheiter.

Konsentrert småhusbusetnad er definert som rekke- eller kjedehus og fleirmannsbustader.

Blokkbusetnad er definert som leilegheitsbygg med meir enn 2 etasjar.

Sekundærleilegheit er definert som ei bueining som er mindre enn halvparten av hovudhusværet, og samtidig mindre enn 55 kvm.

Studentbustader er definert som bustader der det ligg føre ein avtale om utbygging med ein organisasjon som har som formål å bygge/ og eller drive studentbustader. Studentbustader må vere tinglyst som dette. Når tinglyst rett ikkje lenger ligg føre, trer ordinære parkeringskrav i kraft. Hybel er definert som ei bueining som består av einskildhyblar med felles opphaldsrom, kjøkken og sanitærrom.

Omsorgsbustader er definert som bustader der det ligg føre ein avtale med kommunen for minimum 8 år om drift av slike bustader. Private omsorgsbustader må vere tinglyst som dette. Når tinglyst rett ikkje lenger ligg føre, trer ordinære parkeringskrav i kraft.

2.3 Parkeringsnorm for bustader fordelt på ulike bustadtypar

Bilparkeringsnorm for ulike typar bustad

Type bustad	Sone 1	Sone 2	Omland
Tal parkeringsplasser pr. bueining	min.	min.	min.
<u>Konsentrert småhus- og blokkbusetnad</u>			
1 rom	0,25	0,4	1,0
2 rom	0,5	0,8	1,0
3 rom	0,7	1,1	1,5
4 rom eller større	1,0	1,2	2,0
<u>Frittliggande småhusbusetnad</u>			
Eigen parkering	2,0*	2,0*	2,0
Felles parkering	1,2	1,7	2,0
Sekundærleilegheit	0,0	1,0	1,0
<u>Studentbustader</u>			
Hybel, 1-rom	0,15	0,15	0,15
2 rom	0,35	0,35	0,5
3 rom eller større	0,7	0,7	1,0
<u>Omsorgsbustader</u>			
1 rom	0,15	0,2	0,4
2 rom	0,25	0,4	0,4
3 rom	0,35	0,55	0,55
4 rom eller større	0,45	0,6	0,6

Tabell 1 Parkeringsnorm for bustader fordelt på ulike bustadtypar

* Dersom det vert etablert ein kombinasjon av egne plassar og felles parkering, skal parkeringskravet utreknast etter krava for eigen parkering.

Sykkelparkeringsnorm ved ulike typar bustad

Type bustad	Sone 1	Sone 2	Omland
Tal parkeringsplasser pr. bueining	min.	min.	min.
<u>Konsentrert småhus- og blokkbusetnad</u>			
1 rom	1,0	1,0	1,0
2 rom	1,3	1,3	1,3
3 rom	2,0	2,0	2,0
4 rom eller større	2,5	2,5	2,5
<u>Frittliggende småhusbusetnad</u>			
Eigen parkering	2,0	2,5	2,5
Felles parkering			
Sekundærleilegheit	1,0	1,0	1,0
<u>Studentbustader</u>			
Hybel, 1-rom	1,0	1,0	1,0
2 rom	2,0	1,6	1,6
3 rom eller større	2,2	2,2	2,2
<u>Omsorgsbustader</u>			
1 rom	0,5	0,5	0,5
2 rom	0,65	0,65	0,65
3 rom	0,8	0,8	0,8
4 rom eller større	1,25	1,25	1,25

Tabell 2 Parkeringsnormer for sykkel ved ulike bustadtypar

2.4 Utfyllande retningsliner

Felles parkering bustad

Felles parkering kan etablerast der det ligg føre minst 3 bueiningar. Desse parkeringsplassane skal vere felles tilgjengeleg for alle bebuarane. Der utbygging av tun omfattar både småhus og bustadkompleks skal desse sjåast kvar for seg.

Gjesteparkering

Gjesteparkering er inkludert i tala gitt i tabellen. Dette medfører at det berre skal nyttast eitt tal for parkering, der både bebuarparkering og gjesteparkering inngår. Norma inkluderer med dette parkeringsplasser for gjesteparkering, men norma og Plan- og bygningslova kan ikkje regulere korleis desse skal nyttast.

På eigen tomt og for same bueining vert det tillate innesperra parkering

Parkering framom eigen garasje inne på eigen tomt vil vanlegvis vere lov. Omsyn til trafikksikkerheit gjer at det vanlegvis skal vere plass til å snu inne på eiga tomt, jf. Veglova med tilhøyrande forskrifter og reglar. Denne snuplassen må då vere i tillegg til dei to parkeringsplassane. I samsvar med forskrift til Veglova § 43 «Alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyringar frå offentleg veg», pkt. 6, er det ikkje tillate å rygge ut i offentleg veg.

Studentbustader

For studentbustader skal parkeringsnorma berre nyttast i dei høve der det ligg føre ein avtale om utbygging av studentbustader med ein organisasjon som har som formål å bygge og/eller drive studentbustader. I andre høve vil det ikkje vere mogleg å nytte studentbustad-norma ved utbygging av studentbustader.

Hyblar i private bustader

Ved utleige av private hyblar/ rom, er utleigar ansvarleg for dekke parkeringsbehov på eigen grunn.

Omsorgsbustader

Erfaringar med omsorgsbustader tyder på at bebruarane sitt parkeringsbehov er svært lite. Tilsette, besøkande og servicepersonell har eit parkeringsbehov. Dette behovet er vurdert til å bli dekket ved å bygge halvparten av dei plassane som vert kravd gjennom bustadkompleksnorma. Det er stor variasjon i behovet for parkering både knytt til den einskilde bebruar og til tal tilsette, og serviceoppdrag avhengig av type omsorgsbustader. Behovet for parkering bør derfor vurderast spesielt i kvart einskild tilfelle.

Krav til sykkelparkering kan fråvikast heilt eller delvis for omsorgsbustader. Også her er det viktig med vurdering av kvart einskild tilfelle.

Motorsyklar og mopedar

Omfanget vert vurdert å vere så avgrensa, at det ikkje blir utarbeidd eigne normer for motoriserte tohjulingar. I praksis betyr dette at desse kjøretøygruppene i stor utstrekning må nytte seg av plasser for bil og sykkel. Denne norma har tatt høgde for eit innslag av slik bruk.

3 PARKERINGSNORM FOR NÆRING OG OFFENTLEG VERKSEMD

3.1 Måleeining for fastsetting av parkeringsplasser

For dei byggeformål som opptre relativt ofte i byggesaker vert det nytta ei norm med måleeining **tal parkeringsplasser per 100 kvadratmeter** av bruksarealet. Bruksareal (BRA) går fram av byggesaka.

Nokre formål har stor variasjon i korleis arealet vert nytta. For desse skal det brukast **tal gjesterom, sitjeplassar, seng/pasient, tilskodar og årsverk** som måleeining. Søkjar skal gi eit grunngjeve anslag på eit sannsynleg tal som verksemda vil romme. I grunngjevinga skal det visast til litteratur eller konkrete døme for tilsvarande verksemd. Ved tvil kan bygningsmyndigheitene fastsette eit tal som er vanleg/ rimeleg for tilsvarande verksemd.

Norma for næring gjeld for alle bygg som ikkje er bustader eller direkte knytt til bustaden (bustadgarasje, bodar og liknande.). Studentbustader og omsorgsbustader vert dekket av bustadnorma.

3.2 Parkeringsnorm for næring og offentlig verksemd fordelt på ulike verksemdtypar

Bilparkeringsnorm ved ulike typar verksemd

Verksemd	Per eining	Sone 1	Sone 2	Omland
		min. - maks.	min. - maks.	min.
Butikk/ Detaljhandel	100 m2 BRA	1,0 - 2,5	1,3 - 2,5	1,3
Kjøpesenter	100 m2 BRA	1,0 - 2,5		
Storhandelspark	100 m2 BRA		1,3 - 2,5	1,3
Industri/ Verkstad	100 m2 BRA	0,05 - 1,0	0,3 - 1,0	0,3
Lager/ Engros	100 m2 BRA	0,03 - 0,5	0,15 - 0,6	0,15
Kontor	100 m2 BRA	0,2 - 2,0	0,7 - 3,0	0,7
Mosjonslokale	100 m2 BRA	0,4 - 1,5	0,7 - 1,5	0,7
Hotell, motell	Gjesterom	0,1 - 0,7	0,4 - 1,0	0,4
Restaurant, kafé, kro	Sitjeplass	0,1 - 0,7	0,3 - 0,7	0,3
Bensinstasjon, service	Årsverk	0,3 - 1,5	0,6 - 2,5	1,2
Bilverkstad	Årsverk	0,3 - 0,8	1,0 - 2,5	1,0
Gatekjøkken, kiosk	Årsverk	0 - 1,0	0,5 - 3,0	0,5
Barnehage/ -skule	Årsverk	0,5 - 1,0	1,0 - 1,5	1,5
Vidaregåande skule	Årsverk	0,5 - 1,2	1,0 - 2,5	1,5
Høgskule/ fagskule	Årsverk	0,5 - 1,4	1,0 - 3,0	1,5
Kino, teater	Sitjeplass	0,1 - 0,3	0,1 - 0,3	0,1
Idrettsanlegg	Tilskodar	0,1 - 0,2	0,2 - 0,4	0,2
Sjukehus, sjukeheim	Seng/pasient	0,3 - 0,8	0,5 - 0,8	0,5
Kyrkje, forsamlingslokale	Sitjeplass	0,1 - 0,6	0,15 - 0,6	0,15

Tabell 3 Bilparkeringsnorm for næring og offentlig verksemd

Sykkelparkeringsnorm ved ulike typar verksemdar

Verksemd	Per eining	Sone 1	Sone 2	Omland
		min.	min.	min.
Butikk/ Detaljhandel	100 m2 BRA	0,6	0,6	0,4
Kjøpesenter	100 m2 BRA	0,6		
Storhandelspark	100 m2 BRA		0,6	0,4
Industri/ Verkstad	100 m2 BRA	0,2	0,2	0,2
Lager/ Engros	100 m2 BRA	0,2	0,2	0,2
Kontor	100 m2 BRA	0,7	0,7	0,5
Mosjonslokale	100 m2 BRA	0,4	0,4	0,3
Hotell, motell	Gjesterom	0,2	0,2	0,1
Restaurant, kafé, kro	Sitjeplass	0,2	0,2	0,1
Bensinstasjon, service	Årsverk	0,2	0,2	0,1
Bilverkstad	Årsverk	0,2	0,2	0,1
Gatekjøkken, kiosk	Årsverk	0,2	0,2	0,2
Barnehage/ -skule	Årsverk	2,0	2,0	2,0
Vidaregåande skule	Årsverk	5,0	5,0	5,0
Høgskule/ fagskule	Årsverk	5,0	5,0	5,0
Kino, teater	Sitjeplass	0,2	0,2	0,2
Idrettsanlegg	Tilskodar	0,2	0,2	0,1
Sjukehus, sjukeheim	Seng/pasient	0,2	0,2	0,1
Kyrkje, forsamlingslokale	Sitjeplass	0,2	0, 2	0,1

Tabell 4 Parkeringsnormer for sykkel ved næringsbygg og offentleg verksemd

3.3 Forklaringar knytt til formåla i tabellen

Hovudformålet til verksemda skal gjelde for heile verksemda ved fastsetting av verksemdtype.

Butikk/Detaljhandel i tabellen omhandlar strøgsgatehandel med mindre butikkar og tenesteyting langs ei gate med aktiv fasade (vindaug som del av salet), og med inngang direkte utanfrå gate, torg eller urbant byrom.

Kjøpesenter er ei felles samling og organisering av butikkar og anna tenesteyting i eller nært sentrum der maksimum storleik på butikkar er på 1500 m2. Butikkane er organisert omkring innvendige handlegatar og vender seg både innover log ike mykje utover mot urbane byrom.

Storhandelspark omhandlar ei samling større enkelt butikkar anten kvar for seg eller kjeda saman der minimum butikkstorleik er på 1500 m2. Butikkane har kundetilkomst utan frå og det er ingen direkte tilkomst/ samankopling mellom dei enkelte butikkane.

3.4 Sambruk

Sambruk medføre at to eller fleire verksemdar kan nytte dei same plassane fordi dei i stor grad legg beslag på plassane til ulike tider. Hensikta med sambruk er først og fremst å spare areal og kostnader ved at minimumskravet blir redusert. I kvart tilfelle må det ligge føre ein konkret sannsynleggjering av kor mange plassar som vert føresettt brukt konfliktfritt av fleire verksemdar. Der det er sambruksordningar, kan det ikkje reserverast plassar. Nedanfor er det for tre sambrukskombinasjonar gitt retningslinjer for kor mykje parkeringskravet kan reduserast. Utbyggjarar som ønskjer seg andre sambrukskombinasjonar må legge fram tilsvarende betraktningar som syner realisme i sambruket.

Vilkår for sambruk ved ulike sambrukskombinasjonar

Når to eller fleire formål utgjer ein fysisk og/ eller organisatorisk eining kan sambruk vurderast. Døme er: 1) Alt er lokalisert i same bygning. 2) Alt er lokalisert på same eigedom. 3) tinglyste avtaler om felles bruk av parkeringsplassane. I tilfelle 2) og 3) må parkeringsplassane ikkje ligge meir enn 200 m frå inngang til verksemdene.

Ved sambruk av plassar for næring og bustad gjeld framleis maksimumsnorma for næringa(ne) som oppheld seg i same bygning/prosjekt som bustadane. Då det ikkje gjeld noko generell maksimumsnorm for bustader, må det samla tal for næring og bustad vurderast spesielt slik at næringsdelen ikkje legg beslag på fleire parkeringsplassar enn det maksimumsnorma for vedkommande næring tilseie.

I kombinasjon Forretning/ Kontor – Bustad, vil sambruk ha eit praktisk potensiale på 10 % av det utrekna parkeringstalet. Dette betyr at ved sambruk kan det samla tal parkeringsplassar reduserast med 10 % av minimumskravet for bustaddelen.

For kombinasjonen Kontor – Forretning er det størst potensial for sambruk etter kontortid og i helgane. Her kan ein gjennom sambruk redusere 30 % av plassane til forretning ved å fristille parkeringsplassane frå kontorverksemda. Dette føreset at det er så mange kontorparkeringsplassar tilgjengeleg at det kan dekke desse 30 %. Kombinasjonen som gir færre p-plasser enn kravet til forretning åleine, kan ikkje tillatast. Dette kravet gjeld også for andre kombinasjonar.

For kombinasjonen Kontor – Kultur/ Idrett/ Forsamlingslokale vert det føresettt at besøkstoppane er utom kontortid. Då kan ein utnytte opptil 80 % av kontorplassane til sambruk. Kombinasjonen som gir færre p-plassar enn kravet til den største verksemda åleine, vert ikkje tillate.

Mosjonslokale er treningstilbod i sjølvstendige lokale som oftast vert drive på kommersiell basis, - i motsetnad til gymsalar i skular. Parkering for idrettshaller og liknande, vert fastsett etter krav om idrettsanlegg. Den store variasjonen i idrettsanlegga sin tilstrømming av utøvarar og tilskodarar tilseier at desse i stor grad må underleggast særskilt vurdering frå sak til sak.

Sambruk for andre typar verksemder

Verksemder som vanlegvis trekker publikum/ deltakarar utanom ordinær arbeidstid – som gjeld dei fleste lokale til kultur og idrett – har i sentrumssone 1, svært låg minimumsnorm. Her vert det føresett at offentleg tilgjengeleg parkeringsanlegg og parkering på gategrunn vert nytta, i tillegg til bruk av kollektivtrafikktilbod. Same tankegang gjeld i sentrum sone 2, der ein relativt låg minimumsnorm føreset eit visst sambruk av ledig kapasitet for arbeidsplassane i nærområdet.

For bygningstypar/ verksemder som ikkje står oppført i tabellane 3 og 4, bør ein i første omgang vurdere om ein kan dra nytte av dei verksemdene som liknar mest. Ved stor tvil og i store prosjekter, kan det krevjast at utbyggar skaffar meir eigna materiale til vege. Vær merksam på at mange spesifikke verksemder ikkje inngår i tabellen ovanfor. Til dømes lege- og tannlegekontor som skal handsamast etter kontornorma.

4 GENERELLE RETNINGSLINER

4.1 Utrekning av parkeringsplassar

Det vert ikkje stilt parkeringskrav til bygningsareal som vert nytta til parkering. Ved utrekning av parkeringsplassar skal parkeringskrava summerast og rundast av til næraste heile tal plassar.

4.2 Krav til parkering i bygg

Det er eit mål at flest mogleg av parkeringsplassane for bustad, næring og offentleg verksemd i Sone 1 og Sone 2 vert etablert i bygg. Norma krev at parkeringsplassar ut over minimumskravet skal etablerast i bygg. Kravet vil ikkje gjelde for bustader definert som småhus, jf. kapittel 3.2.

4.3 Parkering for forflytningshemma

Minimum 5 % av parkeringsplassane skal reserverast for forflytningshemma på alle parkeringsareal. Plassar reservert for forflytningshemma skal lokalisert nær målpunkt/ hovudinngang og utformast slik at rullestolbrukarar lett kan komme inn- og ut av køyretøyet, og vidare inn mot målpunktet. For utforming av parkeringsplasser for forflytningshemma vert det vist til Handbok N100; "Veg- og gateutforming".

4.4 Avtale om bruksrett til plassar på annan eigedom som erstatning for parkeringsplassar på eigen grunn

I dei områder der ei minimumsnorm gjeld, kan denne dekkast utafor eigen grunn gjennom tinglyst avtale om tilgang til parkeringsplasser i nærleik til bustad eller verksemd. Med nærleik meina ein vanlegvis ein avstand som ikkje er større enn 200 meter. Dette kravet bør vurderast i kvart tilfelle ut frå staden sin eigenart. Det vert presisert at berre parkeringsanlegg av permanent karakter vert godteke.

Avtalene skal vere tidsuavgrensa, og ikkje kunne seiast opp utan samtykke frå Førde kommune. Det skal heller ikkje kunne slettast frå grunnboka utan

kommunen sitt samtykke.

Utgreiingskrav: Dersom utbyggjar ynskjer å avvike frå norma må behov og konsekvens dokumenterast.

4.5 Utforming av parkeringsplassar

Utforming av parkeringsplassar for bil

For utforming av parkeringsplasser for bilar og sykklar vert det vist til Handbok N100; "Veg- og gateutforming", Staten Vegvesen Vegdirektoratet, 2014.

Norma skil ikkje mellom innandørs- eller utandørs parkering. I særskilte høve kan bestemte løysingar verte pålagt i byggesaka.

Utforming av parkeringsplassar for sykkel

For utforming av parkeringsplasser for sykklar vert det vist til "Handbok V122 Sykkelhåndboka", Staten Vegvesen Vegdirektoratet, 2014. For sykkelparkeringsplasser skal det vere avsett minimum 70 cm og ei lengde på 200 cm til kvar sykkel plass for rett sykkelparkering, og 50 cm og ei lengde på 140 cm til kvar sykkel plass for skrå sykkelparkering.

Det vert stilt krav til at minst 25% av sykkel plassane for bustad skal ha overbygg. For næring og offentlig verksemd skal minst 50 % av plassane ha overbygg, jamfør Statens Vegvesen si håndbok V122.

I følgje tekniske forskrifter til Plan- og bygningslova av 2010 (TEK10) med tilhøyrande regelverk, skal sykkel plassar med overbygg inngå i utrekning av BYA (bebyggd areal – bygningen sin grunnflate i prosent av tomtearealet).

5 UNNTAK FRÅ PARKERINGSNORMA

5.1 Generelle/ overordna unntak

Det er mogleg gjennom reguleringsplan å avvike frå parkeringsnorma sin minimumsgrense.

Unntak frå norma kan skje gjennom reguleringsplan der sterke planfaglege argument talar for det. Planfagleg argument kan vere når det t.d. er snakk om sentral plassering i forhold til kollektivtransport og servicefunksjoner eller med omsyn til bevaring av grøntområde. Tilfelle der det vil vere kostbart/ teknisk vanskeleg å etablere parkeringsplasser på eigen grunn, er normalt ikkje eit planfagleg argument.

5.2 Unntak i byggesaker

Når parkeringsnorma er gjort til ein del av reguleringsplanen er den rettsleg bindande. Ønskje om fleksible normer kan vere vanskeleg å vege opp mot intensjonen om å legge til rette for tilstrekkeleg tal parkeringsplasser knytt til bustad og næring/ offentlig verksemd i sentrum sone 1 og 2. I dei situasjonane der det heilt klårt er lite hensiktsmessig eller uøkonomisk å innfri parkeringsnorma i sjølve byggeprosjektet, ligg det i prinsippet føre tre moglegheiter:

1. Bruk av tinglyst plass på annan eigedom direkte i nærleiken.
2. Frikjøp.
3. Dispensasjon ved at det i byggesaken vert tillate færre plasser enn norma/ reguleringsplanen seie.

Tinglyste plassar

Som ein hovudregel bør tinglyste parkeringsplasser ligge i direkte nærleik til bustaden/verksemda. Med direkte nærleik meinast vanlegvis ein gangavstand som ikkje overskrid 200 meter. Dette kravet vert vurdert i kvart einskild tilfelle ut frå staden sin eigenart. Det blir presisert at som tinglyst erstatningsplass blir berre parkeringsanlegg av permanent karakter godtatt.

Frikjøp

Frikjøpsordning.

Dispensasjon

Det vert etter plan- og bygningslova kapittel 19 kravd at dispensasjonssøknad skal grunngje kvifor det er ønskje om å dispensere frå gjeldande reglar for krav til parkering. Dersom reglane vert vesentleg sett til side, skal det ikkje gjevast dispensasjon. Fordelane med endra krav skal i tillegg vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Eventuelle dispensasjonar vert avgjort ved handsaming av den einskilde byggesak.

5.3 Overgangsføresegner

Parkeringsnorm vedteke den 28.2.2002 skal framleis gjelde for eigedommar som ved ikraftsetjinga av reglane i arealdelen, har mellombels dispensasjon for etablering av parkering eller av andre grunnar ikkje oppfyller krav til parkering. For slike eigedommar vil dei nye reglane gjelde først etter at restansar i høve tidlegare parkeringsnorm er kvittert ut ved etablering på eigen grunn, tidsuavgrensa bruksrett på anna eigedom eller frikjøp.